

Mottakarak i samsvar med mottakarliste, vedlagt

Dato: Vågå, 05.04.2022
Vår ref: 21116


Varsel om planoppstart – Detaljregulering for Ole Steigs gate 10

1. Oppstartsvarsel

Nordplan vil i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 varsle oppstart av planarbeid – detaljregulering for Ole Steigs gate 10, i Ringebu kommune. Registrerte grunneigarar og festarar i planområdet, og så vidt mogleg andre heimelshavarar i planområdet samt naboar til planområdet og offentlege etatar, vert med dette varsla direkte.

Ringebu kommune er forslagsstillar og Nordplan AS er plankonsulent. Oppstart blir annonsert i avisa GD 08.04.2022. All informasjon om planarbeidet vert også å finne på Nordplan og Ringebu kommune sine nettsider, www.nordplan.no og www.ringebu.kommune.no.

Det aktuelle planområdet ligg sentralt i sentrumstrekanten i Vålebru, Ringebu kommune i Gudbrandsdalen.




Oversiktskart over Ringebu der planområdet er markert. www.innlandsgis.no

2. Formål med planarbeidet

Ringebu kommune ønskjer å legge til rette for eit nytt sentrumsbygg sentralt i sentrumskjerna på Vålebru. Ønskja framdrift gjer at det vert køyrt ein eigen planprosess for detaljreguleringsplan for tiltaket parallelt med arbeidet med områdereguleringsplan for sentrum. Det er utarbeidd eit idé-/skisseprosjekt som syner korleis areala kan bli utnytta til eit sentrumsbygg med 15 leilegheiter og næringsareal i 1. etasje. Tiltaket inneber omlegging av Tomtegatea.

Planlagde tiltak:


- Bygging av leilegheitsbygg med næring i første etasje, tilhørende uteareal og sykkelparkering, gjennom auka utnyttingsgrad, og byggehøgder, og ny(e) arealformål.
- Riving av bygg frå 50-tallet (m.a. optikerbutikk, og eit uthus som er SEFRAK-registrert.
- Justering av gateløp ved Tomtegata.
- Løysingar for renovasjon, vatn, avløp og overvasshandtering
- Bilparkering er tenkt løst på annan eiendom. Enkelte p-plassar beholdes, men vert endra.



Illustrasjonar frå skisseprosjekt som eit innspel til ny sentrumsplan som no er under utarbeiding. Frå skisseprosjekt Nordplan, 2021

3. Planavgrensning

Varsla plangrense er som synt i bilde under, og omfattar eit areal på om lag 7,6 daa.



Enkelt grunnkart der det aktuelle planområdet er vist med plangrense.



Flyfoto viser dagens situasjon.

7. Medverknad

Det vil bli invitert til ope møte i varslingsperioden. Eigne møte med naboar i samband med tema som løysningar for renovasjon, parkeringsløysingar og uteopphaldsareal. Det er høve til å kome med innspel til varsel om planoppstart. Alle skriftlege innspel vil bli vurdert og kommentert i saksframstillinga.

Saka er meldt opp til regionalt planforum i varslingsperioda, 20.04.2022.

Det vert halde medverknadsmøte på Stortorget Innovasjonssenteret, **måndag 02.05.22 kl. 1800.**

Det er lagt opp til ein prosess med felles behandling av plan og byggesak (rammesøknad). Når eit framlegg til reguleringsplan er utforma, vert dette handsama av Ringeby kommune med sikte på utlegging til offentleg ettersyn. Det vert høve til å uttale seg til planen også ved offentleg ettersyn.

Innspel til planarbeidet skal vere skriftlege, og sendast:

- på e-post til: os@nordplan.no
- ev. brev til Nordplan AS, Vågåvegen 35, 2680 VÅGÅ

med kopi til Ringeby kommune:

- på e-post til: post@ringeby.kommune.no
- ev. brev til Hanstadgate 4, 2630 RINGEBU

Frist for innspel er sett til 16.05.2022.

Med helsing
for Nordplan AS



Øyvind Sødal

Fagansvarleg plan / arealplanleggar

Vedlegg:

1. Oppstartsmøtereferat (Ringeby kommune) 22.02.2022
2. Plangrense oppstartsvarsel (Nordplan) 05.04.2022
3. Avisannonse (Nordplan) 05.04.2022
4. Mottakarliste (Ringeby kommune) 24.02.2022